

RAPPORT FRÅ ARBEIDSGRUPPA FORSLAG DELEGATORDNING



INNLEIING

Med bakgrunn i sterk auke i medlemstalet ønska fylkesstyret å sjå på delegatorordninga. Det vedtok i sak 85/22 i desembermøtet å oppnemne ei arbeidsgruppe på tre medlemmer, samansett av ein frå fylkesstyret som leiar og to frå lokallaga. Fylkesstyret valde Anna Margrethe Drægebø Moe. Frå lokallaga som vart bedne om å spele inn forslag, kom det forslag på Anette Scheen (MH Kristiansund) og Arild Kvamme (MH Ålesund). Dei vart arbeidsgruppa og skal levere forslag til fylkesstyret innan utgangen av februar.

Noverande delegatorordninga vart vedteken på fylkesårsmøtet 2016:

«Hvert lokallag har minimum 2 delegater. Videre får en 1 delegat ekstra pr. 10 medlemmer lokallaget har over 20 medlemmer. Et lokallag med 30 medlemmer har såleis 3 delegater osv. Det kan kun stemmes ved personlig frammøte av delegaten. Antall delegater beregnes på grunnlag av gyldig medlemskap pr. 31. desember siste år før årsmøtet. Fylkesstyret evaluerer ordningen årlig.»

Delegatorordninga fører til at det på årsmøtet 2023 vert 62 delegatar fordelt slik på våre 14 lokallag: 6 lokallag har 2 delegatar, 2 lokallag har 3 delegatar, 1 lokallag har 4 delegatar, 2 lokallag har 5 delegatar, 2 lokallag har 7 delegatar og 1 lokallag har 16 delegatar.

I tillegg kjem årsmøtefunksjonærar, fylkesstyret, valkomite, observatørar, innbedne m.m.

ARBEIDET I GRUPPA

Arbeidet begynte 18. januar. Gruppa har hatt 4 møte på Teams. Den begynte med å finne styrkar og svakheiter ved delegatorordninga.

Styrkar	Svakheiter
Kan stimulere til medlemsrekruttering i lokallaga. Føreseieleg representasjon. Rettferdig representasjon i forhold til medlemstal.	Skaffe nok engasjerte delegatar med kunnskap om arbeidet og organisasjonen. Stort tal delegatar kan føre til problem med å skaffe høveleg møtelokale. Stor kostnad å gjennomføre årsmøte. Små lokallag har lita påvirkning. 31.12. er sårbar dato som grunnlag for utrekning av delegatar.

Gruppa kontakta etternemde fylkeslag for å høyre kva delegatordning dei har. Fylkesleiarane i Trøndelag, Nordland, og Innlandet opplyste at lokallaga i deira fylke har 2 delegatar kvar. I Finnmark/Troms er det 3.

Gruppa la til grunn fleire synspunkt i det vidare arbeidet:

- Små lokallag må også få plass, verte løfta fram og kjenne seg likestilte.
- Nyetablerte lokallag må ikkje føle seg overvelda av store lokallag med mange delegatar på årsmøta.
- Mange lokallag har fått sterk medlemsvekst siste åra. I 2022 auka medlemstalet i fylkeslaget med om lag 200.
- Stort tal delegatar kan føre til så store årsmøtekostnader at lokallaga kan måtte dekke noko av kostnadene.
- Velje ei delegatordning som kan vare i mange år praktisk og økonomisk.
- I tillegg til delegatane har andre medlemmer tale- og forslagsrett. Observatørar.

Gruppa kom fram til to alternativ for vurdering:

- Kwart lokallag har 2 delegatar.
 - Kwart lokallag har 2 delegatar og får 1 delegat i tillegg når laget passerer eit bestemt medlemstal.
- Dato for avlesing av medlemstalet for utrekning av delegatar er fylkessekretæren sin første arbeidsdag etter 10. desember.

Ein fekk avklara at Mental Helse sentralt sitt råd er at lokallaga bør vektast likt og ha to delegatar kvar.

Gruppa valde å gå i «tenkeboksen» ei veker tid før den bestemte seg for alternativ. I mellomtida kunne ein også diskutere saka med andre medlemmer.

FORSLAG TIL FYLKESSTYRET:

Med bakgrunn i ovanstående vurderingar er gruppa sitt forslag til delegatordning:


Hvert lokallag har 2 delegater på fylkeslagets årsmøte.

Stordal, Kristiansund og Ålesund 22.02.2023


Anna Margrethe Drægebo Moe

Leiar/sekretær


Anette Scheen


Arild Kvamme